



Bokn kommune
Boknatun
5561 Bokn

BOKN KOMMUNE		
Sak:	J.nr	
15/431-7	2393	
Saksansv.:	Saksbeh.:	U.Off §:
HMF	HMF	-
Arkivkode:	J. dato:	
121	21/8-15	

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: finropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Fråsegn til offentlig ettersyn av områderegulering for næringsområde/utfylling ved Arsvågen, Bokn

Føresetnaden for å kunne akseptere ei massefylling i Arsvågen er at tiltaket ikkje er overdimensjonert, men landskapstilpassa og i samsvar med behov for næringsareal i kommunen. Næringsarealet i sjø på til saman nærare 140 dekar i Arsvågen er ikkje i samsvar med statlege planretningslinjer, og gir difor ikkje ei samfunnsmessig god utnytting av overskotsmassar. Fylkesmannen fremjar motsegn til planforslaget for områderegulering av næringsområde/massefylling på Arsvågen, som følgje av at utfyllinga er overdimensjonert, manglar landskapstilpassing og er i strid med gjeldande kommuneplan for Bokn, samt at utfyllinga ikkje sikrar ei samfunnsmessig god utnytting av overskotsmassar i tråd med statleg planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Fylkesmannen viser til oversending frå vegvesenet, dagsett 10.06.2015.

Føremålet med planforslaget er å leggje til rette for eit næringsområde på massefylling ved Arsvågen, og å sikre ein samfunnsmessig god etterbruk av overskotsmassar frå samferdselsprosjektet Rogfast. Det skal fremjast eigen reguleringsplan for anleggsveg for transporterung av massar frå Laupland til Arsvågen.

Planforslaget legg til rette for 111 dekar næringsareal sett av til industri, handverks- og lagerverksemd, kontor, hotell og bevertning, samt areal til næring/hamneområde i sjø, friluftsområde og anna tilhøyrande anlegg. Til saman er det opna for utfylling av 2,2 mill. m³ massar i sjøen med maks høgde på k+5 m på fyllinga. Sjøbotn i område består av den viktige naturtypen skjelsand, og vassførekomsten har elles svært god økologisk tilstand. Den svært sjeldne og raudlista arten pusleblom blei registrert innanfor planområdet i 2002, og det er førekomst av den sterkt truga og utvalde naturtypen kystlynghei på landarealet på Laksaberget. Det finst truleg også purpurlyngførekomstar. Det er ikkje eksisterande utbygging på land.

Utfyllinga ligg på sørsida av moloen i kommuneplanen, medan planforslaget legg til rette for utfylling på nordsida. Dette er mellom anna grunna i at området på sørsida er for lite, at det er betre høve til landskapstilpassing på nordsida, at det gir mindre behov for plastring, er mindre utsatt for ver og at vegvesenet er eigar av molo og tilgrensande eigedom på nordsida.

Fylkesmannen held fast på tidligare vurdering om at det er opning i planprosessen for å vurdere og avgjere best mogleg plassering av lokaliseringa av næringsområde i sjø ved Arsvågen. Me er likevel ikkje samd i vurderingane som er lagt til grunn for at fyllinga skal plasserast på nordsida, mellom anna omsynet til storleik og eigdomsforhold. Det er omsyn til landskap, naturverdiar, arealbehov,

samfunnsmessig nytteverdi og samordna areal- og transportplanlegging som skal leggjast til grunn i vurderinga. Fyllinga, slik den går fram av planforslaget, overgår storleiken sett av i kommuneplanen til Bokn, og er såleis vurdert som i strid med kommuneplanen. I tillegg er den gitt ein dominerande landskapsverknad i utforminga som ikkje er innanfor rammene skissert i kommuneplanen.

Fylkesmannen viser til statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging fastsatt ved kgl. res. av 26.09.2014, som gjeld på landsbasis. Hovudmåla i retningslinene er å sikre at planlegging av arealbruk skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting og effektiv trafikkavvikling. Utbygging og transport må difor samordnast, slik at transportbehovet blir redusert og at det blir lagt til rette for klima- og miljøvenlege transportformer.

Føresetnaden for å kunne akseptere ei massefylling i Arsvågen, er at tiltaket ikkje er overdimensjonert, men landskapstilpassa og i samsvar med behov for næringsareal i kommunen. Storleiken på næringsarealet går ut over behov for næringsareal både i gjeldande kommuneplanperiode og i lengre tid framover. Arsvågen har ei desentralisert lokalisering både i kommunen og Haugalandsregionen, og det er difor ikkje opning for å leggje til rette for næringsområde eller areal som gir vesentleg auke i transportbehovet eller store areal til arealintensive verksemder. Å leggje til rette for eit næringsareal i sjø på til saman nærare 140 dekar i Arsvågen er ikkje i samsvar med statleg planretningsliner, og gir difor ikkje ei samfunnsmessige god utnytting av overskotsmassar.

Konklusjon

Fylkesmannen fremjar **motsegn** til planforslaget for områderegulering av næringsområde/massefylling på Arsvågen, som ei følgje av at utfyllinga er overdimensjonert, manglar landskapstilpassing og er i strid med gjeldande kommuneplan for Bokn, samt at utfyllinga ikkje sikrar ei samfunnsmessig god utnytting av overskotsmassar i tråd med statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Med helsing

Harald Thune
ass. fylkesmann

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Morten Sageidet
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 11
E-post: fmromos@fylkesmannen.no

Kopi til:
Statens Vegvesen, Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger